

Saksbehandlar: Atle Skrede, Kulturavdelinga
Sak nr.: 14/26-28

Tildeling av spelemidler 2014 - klage frå Stryn kommune

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Klage frå Stryn kommune over hovudutvalet sitt vedtak i sak 29/14 om avslag på søknad om spelemidler 2014 til klatrepark ved Oppstryn skule vert ikkje teken til følge.
2. Klagen vert sendt Kulturdepartementet som klageinstans for endeleg avgjerd.

Vedlegg:

1. Klage frå Stryn kommune, datert 24.06.2014.
2. Avslag på søknad om spelemidler av 01.07.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Sak 29/14 av 27.05.14. Fordeling av spelemidler til idrettsanlegg i kommunane 2014.
2. Spelemiddelsøknad frå Stryn kommune.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Stryn kommune klagar i brev av 26.06.2014 på hovudutval for kultur sitt vedtak i HK-sak 29/14 - *Fordeling av spelemidler til idrettsanlegg i kommunane 2014*, der søknad om spelemidler til nærmiljøanlegget «klatrepark Oppstryn skule» fekk avslag. Anlegget er prioritert som nr. 2 i kommunen sitt handlingsprogram på nærmiljøanlegg.

Stryn kommune si klage er grunngjeven med at kommunen har kome dårleg ut i høve tildeling til anlegg som kan få tildelt spelemidler.

Fylkeskommunane forvaltar spelemiddelordninga etter fullmakt frå Kulturdepartementet. Departementet har fastsett særskilte krav til prosedyre og handsaming av søknadene. Desse krava er å finne i publikasjonen «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V- 0732».

Forvaltningslova gjev søkjarar rett til å klage over vedtaket som er gjort av fylkeskommunen, jf. Forvaltningslova § 28 andre ledd. Kulturdepartementet, v/idrettsavdelinga er klageinstans for vedtak som er gjort av fylkeskommunen i saker som gjeld tildeling av spelemidler. Ei klage skal først handsamast av den som har gjort vedtaket (hovudutval for kultur). Dersom utvalet ikkje finn grunnar som gjev klagaren medhald, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Stryn kommune har klaga innan fristen.

2. Klage frå Stryn kommune - klagegrunnlag:

I samband med klagehandsaming legg fylkesdirektøren vekt på følgjande tre tilhøve:

- Om klagar kan påvise sakshandsamingsfeil
- Om det ligg føre nye opplysningar i saka
- Bruk av skjøn

Klagar viser til at nærmiljøanlegg i andre kommunar som står på andre og tredje plass på prioriteringslista, har fått tildeling framfor Stryn kommune sitt anlegg prioritert på 2.plass (ny søknad i 2014). Stryn kommune meiner at tal søknader ikkje bør leggest til grunn som tildelingskriterium, og hevdar også at fylkeskommunen har lagt til grunn ein ny praksis for tildeling og klagar på at den påståtte nye praksisen ikkje er gjort kjend.

Alle søknader frå Stryn kommune dette året er godkjende for tildeling av spelmidlar.

Kommunen meiner at praksisen som vert lagt til grunn ved tildeling må gjerast kjend slik at denne kan skape føreseieleg vilkår for alle kommunar.

3. Vurderingar og konsekvensar

I vurdering av saka har Fylkesdirektøren har lagt vekt på at Stryn kommune søknadsåret 2014 hadde ni godkjende spelemiddelsøknader, seks av desse ordinære anlegg og tre nærmiljøanlegg.

Av dei ordinære anlegga var det i år ingen som hadde prioritet i regional plan i 2014. Øvst på lista over ordinære anlegg stod kunstgrasbane i Stryn og denne er prioritert i regional plan i 2015. Derfor valde fylkeskommunen å tildele anlegget på 2.plass, fleirbruksanlegg friidrett i Olden.

Under nærmiljøanlegg vart fleirbruksområdet på Tønning skule i Stryn sentrum prioritert øvst på prioriteringslista til Stryn kommune og tildelt 296 000 kroner. På 2. plass på prioriteringslista stod Oppstryn skule – klatrepark med ein godkjend søknadssum på 148 500 kroner. Denne vart ikkje innfridd/prioritert.

Stryn kommune sin klage kan oppsummerast i 3 tilhøve (*tal søknader, tildelingskriterier for nærmiljøanlegg og køordning-ny praksis?*) som så vert vurdert opp mot evt. sakshandsamingsfeil, nye opplysningar i saka og bruka av skjønn i samband med tildeling i HK-sak 29/14.

3.1 Sakshandsamingsfeil

Tal søknader frå kommunane

I klagen frå Stryn kommune vert det helde fram at Stryn kommune har få søknader og at dette har blitt vekta ved tal anlegg som har fått tildeling i 2014. Stryn kommune hadde ni søknader og andre kommunar som dei viser til, som Flora og Gloppen, har høvesvis 24 og 25 søknader.

I vurderingane som er lagt til grunn i tildelingssaka, har fylkesdirektøren lagt vekt på at tal søknader i kommunane vil variere frå år til år og kommunar som har press på å etablere anlegg har naturleg mange søknader. Fylkesdirektøren legg vekt på kommunale prioriteringar både på nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Nokre av anlegga som det vert søkt midlar til, vert også styrt av regional plan. Frå 2014 er det opp til fylkeskommunen å bestemme fordeling mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 legg opp til at inntil 15% av midlane frå ramma kan nyttast til nærmiljøanlegg, 55% av anlegg styrt av regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og 30% av anlegg styrt av kommunale planar. Fleire av desse anlegga er prioritert med anlegg som vert styrt av denne i 2014 som kan forklare kvifor enkelte kommunar enkelte år får tildeling mange av sine søknader.

Fylkesdirektøren meiner at ein ut i frå søknadene i 2014 har vurdert søknadane frå Stryn i tråd med retningslinjene. Tal søknader frå ein kommune kan ha innverknad på tildeling til denne kommunen. Variasjon vil over tid gje utteljing for alle kommunane.

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det ligg føre sakshandsamingsfeil i saka.

3.2 Nye opplysningar i saka

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at Stryn kommune som klagar har kome med nye opplysningar i saka.

3.3 Skjøn

Når regelverk og retningslinjer er følgt opp vert det alltid igjen eit rom for skjøn.

Tildelingskriterier ved tildeling til nærmiljøanlegg

I klagen frå Stryn kommune viser dei til pkt. 5.1 i saksutgreiinga i HK-sak 29/14 der fylkesdirektøren, etter at alle kommunane har fått innfridd 1.prioritet på nærmiljøanlegg, prioriterer anlegg i fire kommunar for tildeling som har lågare prioritet enn nr. 1. Dette gjeld kommunane Fjaler, Flora, Bremanger og Førde. Stryn kommune sitt anlegg på 2.plass vart ikkje prioritert.

Stryn kommune held fram at dei ikkje var klar over eller orientert om det dei hevdar er ein ny praksis, og at dei difor flytta eit nytt anlegg (klatrepark v/Oppstryn skule) til 2.plass i eiga prioritering.

Stryn kommune held fram her at «Førde kommune har fått tildelt midlar til 2 nærmiljøanlegg, prioritert 1 og 3 i handlingsprogrammet, hv. eit anlegg frå 2013 og eit anlegg frå 2014. Stryn kommune har to nærmiljøanlegg inne i vedteke kommunalt handlingsprogram, prioritert 1 og 2. Eit anlegg er med frå 2013 og eit anlegg er nytt i år. Difor meiner Stryn kommune at dei har høgare prioritering av anlegga i sitt handlingsprogram enn Førde, og at fylkesdirektøren gjer feil i si tilråding i tildelingssaka.»

Fylkesdirektøren viser til at for Førde kommune sin del var søknad nummer 2 på prioriteringslista på nærmiljøanlegg ikkje godkjend. Etter ei samla vurdering vart derfor prioritet nr. 3 av nærmiljøanlegg innstilt for tildeling. Dette var ein ny søknad i 2014.

For kommunane Bremanger, Fjaler og Flora var det søknader på 2.plass på prioriteringslista som var søkt for første gong i 2013, medan Stryn kommune sin 2.prioritering var ny i 2014 og derfor ikkje prioritert.

Køordning - ny praksis?

Stryn kommune hevdar at fylkeskommunen har lagt ny praksis til grunn for dei vurderingane som er gjort i samband med tildelinga i 2014.

Fylkesdirektøren viser til at i saksframstillinga i sak 29/14 er det gjort ei samla vurdering ved tildeling i kvar kommune på bakgrunn av godkjende/ikkje godkjende søknader på tvers av alle anleggs kategoriar, dvs. nærmiljøanlegg og ordinære anlegg styrt av kommunale planar og ordinære anlegg styrt av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det står vidare i regional plan (s. 6 i vedlegg nr. 2) at fylkeskommunen vil legge dei kommunale prioriteringslistene til grunn ved tildeling av tilskot til nærmiljøanlegg og ordinære anlegg styrt av kommunale planar. For tildeling av innkomne søknader for søknadsåret 2014 betyr dette ei om lag dobling i tilskotssummen for nærmiljøanlegg. Sjølv etter denne auken i ramme, kan ikkje alle kommunar få løyving til sine anlegg dette året. Fylkesdirektøren har lagt til grunn ei tildeling for kommunane der anlegg som står øvst på prioriteringslista i kommunen får tildeling utifrå den årlege ramma. Dette gjeld både for nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Denne tildelingspolitikken, som i hovudsak er ei vidareføring frå tidlegare år, har kommunane og søkjarar blitt orientert om på samlingar og kurs både i 2013 og 2014.

Fylkesdirektøren ser at det ikkje kom tydeleg fram i saksutgreiinga i HK-sak 29/14 at søknaden på 2.plass på prioriteringslista på nærmiljøanlegg til Førde kommune ikkje var godkjend og at fylkesdirektøren difor rådde til at søknaden på 3.plass på nærmiljøanlegg vart tildelt midlar. I dette tilfellet er det eit val mellom Stryn sin søknad på 2.plass og Førde sin søknad på 3.plass. Begge var nye søknader i 2014. Begge kommunane har omtrent like store tilskot i kroner. Basert på den store skilnaden i tal søknader, 9 frå Stryn og 19 frå Førde, det store behovet for

og presset på anleggsutbygging som no er i Førde, gjekk fylkesdirektøren sitt skjønn i tilrådinga i Førde sin favør.

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det er gjort urimelege skjønnsvurderingar i denne saka.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka og meiner det ikkje er moment i saka som gjev grunnlag for å gje Stryn kommune medhald i klagen.

Fylkesdirektøren rår til at Stryn kommune ikkje får medhald i klagen over avslag om spelemidlar, jf vedtak i HK-sak 29/14.

Saka vert sendt til Kulturdepartementet som klageinstans for endeleg avgjerd.